Vedlegg 11

2017/6565 Forslag om endring av forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved UiT. Høyringssvar og direktøren sine merknader.

Brev 12.1.2018 frå Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi (BFE-fak).
Brev 19.2.2918 og 5.4.2018 frå Det helsevitskaplege fakultet (Helsfak).
Brev16.2.2018 frå Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fak).
Brev 19.2.2018 frå Det juridiske fakultet (Jurfak).
Brev 16.2.2018 frå Fakultet for naturvitskap og teknologi (NT-fak).
Brev 14.2.2018 frå Universitetsbiblioteket (UB).

Paragraf/tema	Innspel frå høyringsinstansar	Merknadar /konklusjonar
§ 3. Ansvar for doktorgradsutdanninga	Jf. Helsefak sitt innspel til § 27 – fakultttet ynskjer å kunna delegera oppnemning av bedømmelseskomité til institutta.	Fjerde ledd om at fakultetet berre kan delegera til programstyret må endrast i fall innspelet skulle bli følgt i strid med forslaget til vedtak.
§ 5. Innhaldet i doktorgradsutdanninga Prøveførelesing eller ikkje?	-BFE-fak ynskjer å behalda prøveførelesinga, men spør om ho kunne ha vore tidlegare i studiet. -Helsefak vil behalda prøveførelesinga, og føreslår at ho skal vera eit arbeidskrav knytt til avhandlinga. -HSL-fak ynskjer å behalda prøveførelesinga, og skriv at dersom ordninga vert fjerna, må det kompenserast med krav om anna bidrag. -Jurfak ynskjer å behalda prøveførelesinga, og ber om at dersom ordninga vert fjerna, så må det bli valfritt. -NT-fak ynskjer å behalda prøveførelesinga, men stiller spørsmål ved om det burde vera større pause mellom prøveførelesinga og sjølve disputasen.	Sjå saksframlegget.

§ 5 siste ledd	BFE-fak tilrår at …sterkare… vert endra til …sterk… i setninga … *gjera kandidaten til ein sterkare kandidat* ...	Dette blir ikkje anbefalt følgt opp.
§ 6. Opptakskrav Kravet til engelskkunnskapar.	BFE-fak føreslår direkte referanse til GSK og at ein skal visa til UiT sine reglar.	Ikkje føreslått følgt opp i forskrifta.
§7. Søknaden Fjerde ledd Innovasjon.	-Helsefak er positiv til at innovasjon vert vurdert, men meiner det må gjerast tydeleg at innovasjon t.d. kan omfatta tenesteinnovasjon. -HSL-fak støttar forslaget om at krav om at potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vurderast i prosjektbeskrivinga.	Ordet innovasjon skal tolkast vidt. Setninga om innovasjon og entreprenørskap er teke inn på bakgrunn av at Fokusgruppe innovasjon og entreprenørskap har føreslått dette som eit tiltak.
§ 7. fjerde ledd Krav om databehandlingsplan inn i forskrifta.	-BFE-fak sluttar seg til forslaget. - Helsefak skriv at det må gjerast tydeleg kva ein meiner med databehandlingsplan. -HSL-fak sluttar seg til forslaget, men meiner at databehandlingsplanen må kunna justerast undervegs. -NT-fak peikar på at det er uklart kva som skal inn i ein databehandlingsplan.	Lagt til § 11, sjå saksframlegget
§ 7.	BFE-fak føreslår at fakulteta kan be om andre opplysningar enn dei som er nemnde i beskrivinga i § 7.	Det er allereie opna for det i § 7 sjuande ledd.
§ 7 åttande ledd Justering av prosjektbeskrivinga.	-BFE-fak føreslår slik ordlyd: «Når en student har fått innvilget midlertidig opptak ved ansettelse, skal student og veileder raskest mulig innen to måneder utarbeide / revidere prosjektbeskrivelse, før endelig opptak kan innvilges.» -HSL-fak opplyser at fakultetet allerede praktiserer den føreslåtte ordninga.	Det er tatt eit visst omsyn til kommentaren frå BFE-fak, jf. merknad til § 11.

§ 9. *Avgjerd om opptak*. Regelen om rangering for program som er opptaksregulert.	BFE-fak føreslår at det som står om opptakstal skal fjernast dersom ingen fakultet har opptaksregulering.	Forslaget blir ikkje følgt opp. Ingen program er opptaksregulerte no, men det er ikkje utelukka at det kan bli det.
§ 9 andre ledd. Opptaksfullmakt til tilsetjingsorganet.	BFE-fak føreslår at det skal stå i forskrifta at tilsetjngsutvalet har fullmakt til å gjera vedtak om mellombels opptak.	Vi tilrår at dette vert tatt opp på nytt når det er vedtatt ny organisering av ph.d.-graden.
§ 9 andre ledd. Prosjektbeskrivinga.	BFE-fak føreslår at prosjektbeskriving må inn i setninga «Det kan gjerast foreløpig vedtak om opptak med atterhald om utarbeiding av individuell utdanningsplan, tilleggsutdanning, immaterialrettslege avtaler.»	Dette er følgt opp i utkastet til forskrift.
§ 9 (4) Forslag om nyansering av setninga om at opptaksvedtak skal skje seinast tre månadar etter studiestart.	BFE-fak sluttar seg til forslaget om å ta inn orda ... *så langt råd er…* -Helsefak støttar også forslaget.	Tatt inn i forskriftsutkastet som føreslått.
§ 10. *Opptak til emne i opplæringsdelen.*	Helsefak føreslår slik endring i beskrivinga av kategori 1: «Personar som er tekne opp til ph.d.-studiet, herunder forskerlinjer ved UiT.»	Sjå saksframlegget.
§ 10 (2) 8000-emne - høvet til å fastsetja særlege opptakskrav.	BFE-fak føreslår slik ordlyd: «Fakulteter kan fastsetja spesielle opptakskrav innafor denne ramma. Det må gå tydelig fram av emnebeskrivelsen kva opptakskrav som gjeld og kva kategoriar søkjarar som kan få plass.»	Dette er følgt opp i utkastet til forskrift.

§ 11. *Avtalen* Forslag om forenkling av avtalen.	-BFE-fak støttar forslaget i høyringsutkastet. -Helsefak skriv at setninga «universitetsdirektøren fastset kva avtalen skal omfatta» er uklar, og ynskjer at fakulteta skal kunna påverka innhaldet i avtalemalen. -HSL-fak ynskjer å behalda gjeldande ordning.	Setninga Helsefak nemner er ikkje tatt inn i forskriftsforslaget. Vi legg til grunn at universitetsdirektøren uansett kan leggja føringa for kva som bør vera med, men at det i utgangspunktet er opp til fakulteta kor detaljert dei vil gjera avtalen. I høyringa var det elles føreslått at krav om databehandlingsplan[1] skal inn i § 7, men regelen høver betre i lag med § 11. Det same gjeld § 7 åttande ledd, om revisjon av prosjektplanen.
§ 12.*Studierett* Ei enklare administrering av varsel til studenten om at studieretten går ut.	-Helsefak støttar forslaget om at studenten skal få varsel semesteret før studieretten går ut i staden for eitt år før, slik regelen er no. -HSL-fak støttar også forslaget, og viser elles til at forvaltning av studieretten kan vera tidkrevjande.	Tatt inn i forskrifta som føreslått.
§ 13. *Permisjon* Sletting av andre ledd: Ein student som har foreldrepermisjon, kan likevel følgja undervisning og ta eksamenar i emne og kurs som skal vera ein del av opplæringsdelen.	-Helsefak støttar ikkje fjerning. -HSL-fak tar informasjonen til vitende.	Det har vist seg at det som står i andre ledd er i strid med NAV sine reglar. Regelen vart teke inn i ph.d.-forskrifta på grunn av ei feiltolking i UHR si mønsterforskrift. Dette er eit område som UiT ikkje har heimel til å regulera. Feilinformasjonen er fjerna.
§ 16. *Rettleiing* Forslag om at rettleiar skal ha ansvar for å driva karriererettleiing.	-Helsefak sluttar seg til, og føreslår slik tillegg: «…og førebu studenten på ei yrkeskarriere i eller utanfor akademia. -HSL-fak sluttar seg til forslaget om at rettleiar skal ha plikt til å gi slik rettleiing.	Tatt inn i forskrifta.

[1] Kravet til databehandlingsplan følgjer av *prinsipper og retningslinjer for forvaltning av forskningsdata ved UiT.*

§ 20. *Arbeid som ikkje vert godteke.*	Helsefak støttar forslaget til endring.	Føremålet med endringa i forskrifta er å gjera regelen tydelegare
§ 21. *Offentleggjering av avhandlinga* Offentleg tilgang til doktoravhandlingar	-HSL-fak sluttar seg til forslaget til regel om offentleg tilgang. -Helsefak støttar forslaget til endring. -Jurfak skriv at det kan ta lang tid å få avtale om publisering av monografiar, og føreslår at det skal vera nok at det er gjort avtale om publisering innan to år, og at det skal stå «… skal som hovudregel gjerast opent tilgjengeleg…» -NT-fak opplyser at eitt av institutta har peika på at det kan ta lengre tid enn to år før patenteringsmulegheiter er avklart. -UB støttar framlegget om endring av § 21.	Målet med endringsforslaget er å følgja opp UiT sine retningslinjer og prinsipp for open tilgang.
§ 22. *Kvalitetssikring og rapportering*. Obligatorisk midtvegsevaluering + ingen framdriftsrapportering det året.	-BFE-fak sluttar seg til forslaget, men er bekymra for kostnadane. Fakultetet føreslår at det skal stå «Det er ikkje krav om å levera framdriftsplan …» i staden for «Det skal ikkje leverast…» for å opna for at studentar som ynskjer det, kan levera framdriftsrapport også det året dei har midtvegsevaluering. Fakultetet ber vidare avklart kven som skal nemna opp dei som skal stå for midtvegsevalueringa. -Helsefak melder at fakultetet finn framdriftsrapporteringa lite føremålstenleg, og vil slutta med ho når midtvegsevaluering er innført. - HSL-fak sluttar seg til forslaget, men er bekymra for om fakultetet har kapasitet til å gjennomføra det. - Jurfak støttar forslaget om obligatorisk midtvegsevaluering, men ber om at det vert tydelegare at	Sjå saksframlegget.

	fakulteta sjølv fasteset retningslinjer for ordninga. Fakultetet føreslår at UiT skal bruka tilsvarande regel som UiB, jf. vedlegg 8. -UB føreslår at det i midtvegsevalueringa skal greiast ut om studenten sine publiseringsplanar og vurderast om dei er i samsvar med UiT sine retningslinjer, og at studenten skal presentera ein revidert datahandteringsplan	
§ 23 *Plikt til å melda frå …* Sikring av arbeidsresultat.	BFE-fak peikar på at siste setningaer uklår.	Dette er ein fotnote til første ledd, og ikkje del av § 23.
§ 25 *Tvungen avslutning* Tvungen avslutning ved fusk på enkeltemne.	BFE-fak støttar forslag til endring.	UiT har bedt Kunnskapsdepartementet tolka reglane om stipendiatar og fusk i uhl. (2017/5335). Vi har per i dag ikkje fått svar. § 25 tredje ledd må eventuelt endrast ved eit seinare høve.
§ 27 *Oppnemning av komité*	Helsefak ynskjer at fakulteta skal kunna gi institutta fullmakt til å oppnemna bedømmelseskomité.	Dette forslaget er ikkje følgt opp. Med gjeldande organisering av programma, er det fakultetet som har ansvar for graden. Oppnemning av komité er ein sentral del av gjennomføringa av graden og må liggja på fakultet.
§ 28 *Tilbaketrekking og retting av avhandling* Frist for å senda erratalliste.	- BFE-fak ber om at fristen vert endra frå seinast fire veker til seinast to veker før leveringsfristen, og viser til at enkelte komitear arbeider raskt og leverer innstillinga kort tid etter at dei har fått avhandlinga. -Helsefak går inn for å behalda fristen på fire veker.	Vi føreslår opning for at fristen for å levera erratalliste kan vera kortare dersom komiteen får kortare tid enn tre månader på vurderinga.
§ 31 *Innstilling* Tredje ledd, frist for omarbeiding i første levering.	Jurfak føreslår sletting av ordet «normalt» i setninga «Fristen skal normalt ikkje vera lengre enn tre (3) månader», og viser til at det er verkemiddel i andre reglar i tilfelle der det er behov for lenger tid.	Forslaget er tatt til følgje.

§ 31 femte ledd I høyringa er det føreslått at det berre skal vera opna for merknader frå kandidaten når innstillinga er negativ eller ved dissens.	-BFE-fak spør om «negativ innstilling» omfattar tilfelle der komiteen innstiller på at kandidaten skal få omarbeida avhandlinga i første levering (§ 31 andre ledd). Jurfak meiner at også kandidatar som får ei positiv innstilling må få høve til å kommentera den. -HSL-fak støttar forslaget i høyringsutkastet. -Helsefak og.	Til BFE-fak sitt spørsmål: svaret er ja. Vi føreslår at opninga for å komma med merknader til ei innstilling skal avgrensast til tilfelle der innstillinga er samrøystes negativ eller der det er dissens. Forslaget heng saman med forslaget til endring av § 32, sjå saksframlegget..
§ 32 *Handsaming av innstillinga*	BFE-fak tilrår alternativ II. Helsefak tilrår alternativ I. HSL-fak tilrår alternativ II. Jurfak ynskjer å behanlda gjeldande ordning, men går subsidiært inn for alternativ II. NT-fak tilrår alternativ I.	Eit tredje alternativ anbefalt, sjå saksframlegget.
§ 34. *Prøveførelesing*	Jf. merknad til § 5 ovanfor.	Sjå saksframlegget.
§ 35 Offentleg disputas	HSL-fak ber om at det vert opna for at det skal vera mogeleg med lukka disputas i heilt spesielle tilfelle. Fakultetet føreslår slik unntaksregel: «Kravet til offentlig disputas kan fravikes i særlige tilfeller og etter vedtak av rektor.»	Dette er det heimel til i universitets- og høgskolelova § 3-9 tredje ledd.
§ 35 Presentasjon av avhandlinga i disputas. Forslag om at det einaste alternativet er at studenten presenterer avhandlinga.	-BFE-fak støttar forslaget om at det einaste alternativet skal vera at kandidaten sjølv presenterer avhandlinga si. -HSL-fak melder frå om at fakultetet ikkje har gode erfaringar med at kandidaten presenterer avhandlinga sjølv, og ynskjer å behalda høvet til å ha gjeldande ordning.	Konklusjon: § 35 blir ikkje føreslått endra i denne omgangen.
§§ 38-40 Samordning av reglane om klage.	Helsefak støttar forslaget, og peikar på at dersom prøveførelesinga vert fjerna, må ho fjernast i § 40 og.	Forslaget er følgt opp.